

Sak 7 og 8 Årsmøte i Rogaland UL

# Årsmelding og rekneskap 2022



**Styret:**

Leiar: Synnøve Jørgensen, BUL Stavanger

Styremedlem og nestleiar: Ann Cathrine Høyland, BUL Stavanger

Styremedlem og kasserar: Solgunn Liestøl, Midtbygdens Ungdomslag

1. vara: Håvard Ims, BUL Stavanger
2. vara: Bjarte Holmedal, BUL Stavanger

Styret har hatt åtte styremøter og handsama 20 saker i løpet av året. I 2021 handsama styret 49 saker. Nedgangen skuldast i hovudsak at godkjenning av innkalling og sakliste, gjennomgang av referat frå sist møte og orientering og representasjon i år ikkje har fått saksnummer.

**Bunadnemnd:**

Daghild Håvardsholm, BUL Stavanger

Ragnhild U. Ødegaard, BUL Stavanger

Eli Olsen, BUL Stavanger

Målfrid Grimstvedt, BUL Stavanger

Nemnda har hatt 9 styre- og arbeidsmøter i løpet av året.

**Instruktørforum:**

Anne Marie Nerby, BUL Stavanger

Ingrid Oftedal Gjesdal, Klepp Leikarring (og Sandnes Folkedanslag)

Anne Lise Tveitane, BUL Stavanger

Knut Rød

Bjarte Holmedal, BUL Stavanger

Torfinn Tveit

Odd Raustein

**Ansvarleg for langeleik-undervisning:**

Lise K. Meling, BUL Stavanger

**Vår kontaktperson i SAFFRO:**

Lene Midteide Lønning

## **Medlemmar (31.12.2022):**

ID	Namn	Betalte medl. 2020	Betalte medl. 2021	Betalte medl. 2022
18001	Bondeungdomslaget i Stavanger	136	122	125
18006	Haugesund Mållag og Ungdomslag	80	78	82
18020	Klepp leikarring	18	18	17
18061	Krosshaug UI	14	-	0
18007	Kvinnesland Frilynde Ungdomslag	0	0	92
18003	Midtbygdens Ungdomslag	29	32	22
18016	Nærbø Folkedanslag	10	10	8
18013	Rossabø Folkedanslag	38	33	34
18011	Sandeid Ungdomslag	113	109	116
18062	Suldal Ungdomslag	0	0	6
18024	UI Heim*	0	-	-
18008	UI Skjoldafjord	76	9	9
18004	Vikedal Ungdomslag	31	47	48
18060	Ølen Ungdomslag*	0	-	-
<b>SUM**</b>		<b>527</b>	<b>428</b>	<b>559</b>

\*På grunn av manglende årsrapportering og kontakt over flere år, blei Ølen UL og Heim UL i 2021 nedlagt i NU sitt medlemsregister.

\*\* Nokre medlemmar er medlem i fleire av laga. Sum her samsvarer derfor ikkje heilt med sum medlemmar som RU oppgjev i til dømes søknad til Rogaland fylkeskommune.

## **JubileumsLAG:**

UL Skjoldafjord	skipa i 1922	100 årsjubileum
Vikedal Ungdomslag	skipa i 1892	130 årsjubileum

## Representasjon:

Møte med Stavanger museum (MUST)	1 kveld	Bunadnemnda
Evaluerings- og planleggingsmøter i bunadnettverket i Rogaland	tre kveldar	Bunadnemnda
Bunadkafe, MUST	4 kvelder på våren og 4 på hausten	Bunadnemnda
“Vår dag”, Garborgsentret	22. februar	Synnøve Jørgensen, Daghild Håvardsholm, Eli Olsen, Målfrid Grimstvedt og Ragnhild Ødegård
Årsmøte og fagseminar i Norsk folkedraktforum, Stiklestad	18.-20. mars	Daghild Håvardsholm, Eli Olsen, Målfrid Grimstvedt og Ragnhild Ødegård
Landmøte i Noregs ungdomslag	22.-24. april	Synnøve Jørgensen, Ann Cathrine Høyland (BUL Stv) og Håvard Ims (valnemnda i NU)
Opning av bunadsutstilling “Frå Hulda til hijab”, MUST	24. juni	Daghild Håvardsholm, Eli Olsen, Målfrid Grimstvedt og Ragnhild Ødegård
Fagdagar i bunad og folkedrakt, Fagernes	12.-13. september	Daghild Håvardsholm, Eli Olsen, Målfrid Grimstvedt og Ragnhild Ødegård
Haustseminar i Norsk folkedraktforum, Stavanger	28.-30. oktober	Eli Olsen, Daghild Håvardsholm og Ragnhild Ødegård. (Målfrid Grimstvedt er leiar i forumet og deltok også)
Landsrådsmøte i NU	21.-23. oktober	Synnøve Jørgensen
100-årsjubileum i UL Skjoldafjord	16. november	Solgunn Liestøl og Synnøve Jørgensen
Info-møte om driftstøtte frå Rogaland Fylkeskommune	oktober	Synnøve Jørgensen
Utstilling på Handverksmessa til BUL Stavanger	19. -20. november	Daghild Håvardsholm, Eli Olsen og Ragnhild Ødegård
Seminar og prisutdeling, Frivillighetens dag	5. desember	Daghild Håvardsholm, Eli Olsen, Målfrid Grimstvedt, Ragnhild Ødegård, Ann Cathrine Høyland og Synnøve Jørgensen.

## **Mål: Stimulere til meir aktivitet i lokallaga**

- Styret besøker alle lokallaga gjennom "Kaffidrøs"
- Vidareformidle informasjon om relevante lokale og regionale arrangement på heimeside, e-post og facebook
- Oppmode lokallaga om å søkje frifond
- Støtte lokal aktivitet økonomisk gjennom ordninga "Aktivitetsstønad"
- Tilby lokallaga kulturprogram gjennom prosjektet RU-kulturformidling
- Oppmode til feiring av Frivillighetens år

Styret har diverre ikkje besøkt nokon lokallag gjennom "kaffidrøs" dette året slik som planlagt. Dette skuldast i hovudsak tidspress hjå styret.

Prosjektet RU-kulturformidling er ikkje sett i gong på grunn av for få frivillige i arbeidsgruppa.

Det er i 2022 delt ut Aktivitetstønad til: Ryfylkemuseet (dansesamling for ungdom), Vikedal UL (dans), Kvinneland frilynde UL (Yoga), UL Skjoldafjord (jubileumsgåve).

## **Mål: Auke medlemstalet med minst 50 medlemmar**

- Formidle tips og verktøy for rekruttering
- Synleggjere fordelane ved å bli medlem i NU
- Følge opp alle lokallag i forhold til oppdatering av medlemsliste

Planen var å ha tips og verktøy for rekruttering som tema på lokallagssamlinga. Diverre blei samlinga avlyst på grunn av for få påmeldte.

Å synleggjere fordelane med å vere medlem i NU er vanskeleg å gjere utan at NU er tydeleg på dette. Vi har derfor ikkje prioritert dette tiltaket.

Medlemstalet har auka med meir enn 50 medlemmar, men dette er fordi mange medlemmar no er tilbake etter pandemien.

## **Mål: Rekruttere minst eitt nytt lokallag**

- Styret tek kontakt med aktuelle lag
- Invitere lag som ikkje er medlem i NU til kurs

Vi har ikkje prioritert å ta kontakt med aktuelle ikkje-medlemslag, men vi inviterte breitt til kurs om lagshus.

## **Mål: Opplæring og kompetanseheving i folkedans/folkemusikk, teater, bunad og organisasjonsarbeid.**

- Vidareføre samarbeidet med Lise K. Meling for å tilby undervisning i langeleik
- Tilby reisestøtte til ungdom som vil delta på Sommarleir i NU

- Vidareføre samarbeidsavtalen om Sommarteaterskule i Sandeid
- Delta på Fagdagen i bunad og folkedrakt
- Bunadnemnda arrangerer kurs i å sy kvinne- og mannsbunad, vår og haust
- Arrangere teaterkurs
- Arrangere kurs i husdrift
- Bunadnemnda er med i Nettverket som skipar til bunadkafe på MUST Stavanger museum ein torsdag kvar månad. Nemnda stiller som rettleiarar på fleire av desse kveldane
- Lage rettleiing til saum av blondestrimmel til bruk på lua til kvinnebunaden

Sommarleiren i NU blei gjennomført, ingen ungdomar frå Rogaland søkte om reisestøtte. Ordninga blei heller ikkje marknadsført.

Kurs i teater er dessverre ikkje gjennomført på grunn av tidspress i styret. Kurs i husdrift blei arrangert i samband med årsmøtet.

Bunadnemnda har bidratt til MUST si utstilling "Frå Hulda til hijab". Du kan til og med høyre dei på lydopptak i utstillinga.

Etter initiativ frå 6 eldsjeler i BUL Stavanger og Klepp Leikarring har i vi i 2022 fått eit instruktørforum. Dette er eit forum der hovudmålet er meir samarbeid mellom danselaga i sør-fylket, også lag som ikkje er med i RU. I forumet er Anne Marie Nerby, Ingrid Oftedal Gjesdal, Anne Lise Tveitane, Knut Rød, Bjarte Holmedal, Torfinn Tveit og Odd Raustein. Forumet arrangerte hausten 2022 motivasjonssamling for folkedansinstruktørar i fylket.

Sjå meir utfyllande om arbeidet til Bunadsnemnda i eiga årsmelding (vedlegg).

## Mål: Eit synlegare ungdomslag

- Gratulere jubileumsLAGA på facebook
- Synleggjere Sommarteaterskulen på heimesida og facebook
- Oppdatere årshjulet for lokallaga på nettsida
- Feire Hulda Garborg sin 160 årsdag og "VÅR DAG" ved å arrangere samtalekveld om bunadbruk på Garborgsentret
- Arbeida for å få prosjektet "Huset i Bygda" til Rogaland fylke.
- Bunadnemnda skal låna ut ein kvinnebunad frå Ryfylke si utstilling på MUST
- Bunadnemnda planlegg å ha med fire hovudplagg på utstillinga til Norsk Folkedraktsforum som skal turnere rundt i landet i 2022-2023. Nemnda vil også delta på opninga av utstillinga som skjer i samband med årsmøte i Norsk Folkedraktfestival på Stiklestad i mars.
- Bunadnemnda vil ha utstilling på Handverksmessa til BUL Stavanger

Arbeidet med å få Huset i Bygda-prosjektet til fylket, har diverre stoppa opp på grunn av tidspress i styret. Fleire frivillige på plass før vi arbeider vidare.

I samarbeid med Garborgsentret arrangerte vi "Vår dag". Her markerte vi at det var 160 år sidan Hulda Garborg blei født med samtale om bunadbruk. Målfred Grimstvedt heldt foredrag om Hulda sitt arbeid med rogalandsbunaden. Over 40 bunadinteresserte møtte denne kvelden.

Facebook-sida vår veks og vi har no følgjarar over heile fylket. Vi har pr i februar 2023 356 følgjarar.

Styret nominerte Daghild Håvardsholm, Eli Olsen og Ragnhild Ødegård i bunadsnemnda til Frivillighet Norge sin frivillighetspris. Dei kom heilt til finalen! I tillegg fekk dei kome på gjestebud hjå Kronprinsparet på Skaugum, samt vere med på avduking av nytt frimerke i høve frivillighetens år i regi av Posten Norge. Rogaland Ungdomslag fekk gjennom dette tiltaket mykje merksemd rundt arbeidet med bunad i ungdomslaget på sosiale media og i bunadsmiljøet. Takk til Beate Haugtrø på NU-kontoret for hjelp.

Det blei laga film om bunadsnemnda som finalist: <https://frivillighetensdag.no/frivillighetsprisen>



## Mål: Eit smartare ungdomslag

- Tilby "førstehjelp" i hypersys på Teams
- Bunadnemnda har gjennom åra frå 1980-talet opparbeidd ei betydeleg modellsamling; bunadplagg som er referanseplagg når nye bunader skal syast. Det er også laga fire bunaddokker med miniatyrbunader til bruk i formidling. Nemnda vil gjennomgå samlinga og verdsetta objekta. Me vil også rydda og ordna i mørnster og anna arkivmateriale knytt til utarbeiding av bunadane.

## Mål: Nettverksbygging og samarbeid med andre

- Invitere sentralleddet til eit arrangement i fylket
- Delta på Landsmøte og landsråds møte i NU
- Halde kontakten og samarbeidet med SAFFRO
- Halde ved like kontakten og samarbeidet med Telemark, Vest-Agder og Aust-Agder UL
- Samarbeidsavtale med Sandeid UL om Sommerteaterskule

- Samarbeid med Rogaland Mållag
- Samarbeid med Folkemusikkarkivet og Ryfylkemuseet
- Samarbeid med Nasjonalt Garborgsenter
- Samarbeid med Huset i Bygda.

## **“Folkekulturmillionen”**

I 2017 fekk RU etter eit oppgjer i retten ein del pengar via Noregs Ungdomslag. Styret i NU vedtok:

Midlane etter rettsforliket etter UL Heimly blir overført Rogaland Ungdomslag. RU må balanseføre midlane i rekneskapen, slik at desse kan brukast over fleire år. Styret i RU får fullmakt til å disponere midlane til prosjekt for å rekruttere ungdom og formidle folkekultur i Rogaland fylke. Styret må sørge for at bruk av midlane blir omtalt i fylkeslaget si årsmelding kvart år.

**Vi har sidan 2018 forvalta pengane slik:**

<b>“Folkekulturmillionen”</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
<b>Inng. saldo</b>	<b>999 086,00 kr</b>	<b>815 689,50 kr</b>	<b>774 773,34 kr</b>	<b>752 809,99 kr</b>	<b>1 120 895,88 kr</b>
Innkjøp	- 83 087,50 kr				
Aktivitetstøtte	- 50 309,00 kr	- 7 898,00 kr			
Tilskot andre	- 50 000,00 kr	- 25 000,00 kr	- 5 000,00 kr		
Reiesstøtte sommarleir		- 9 102,00 kr			
Sommarteater-skule		- 8 000,00 kr	- 20 000,00 kr		
Renter		9 083,84 kr	3 036,65 kr	1 701,46 kr	7 450,12 kr
Inniskot				507 073,93 kr	
<b>Utg. saldo</b>	<b>815 689,50 kr</b>	<b>774 773,34 kr</b>	<b>752 809,99 kr</b>	<b>1 120 895,88 kr</b>	<b>1 128 346,00 kr</b>

2019: kr 600 000 ble satt inn på fastrentekonto. Vel 200 000 ble igjen på driftskonto. I 2020 blei denne kontoen til ein plasseringskonto i banken. Styret vedtok at rentene frå denne kontoen skulle tilfalle “folkekulturmillionen”.

2021: Penger som før hadde vore plassert i Haugesund Sparebank blei tilført plasseringskontoen og dermed “folkekulturmillionen”. Ingen penger blei brukt dette året. Utgåande saldo for “folkekulturmillionen” er i oversikten over synkronisert med saldo på konto. Tiltak som styret vedtar kan dekkast av “folkekulturmillionen” blir ført på eigen avdeling i rekneskapen. Avrekning blir gjort i slutten av året.

2022: Fordi driftsrekneskapet dette året gjekk med overskot, har vi ikkje foretatt avrekning. Støtta til Sommarteaterskulen (kr 10 000) er derfor ført på driftsrekneskapen.

# Årsrekneskap 2022

<b>Balanse</b>			
	1-jan.	31-des.	Note
<b>Eiendeler</b>			
Bankinnskudd	kr 1 548 979	kr 1 557 734	1
Utestående fordringer	kr -	kr 650	
Eiendeler	kr 326 667	kr 317 758	2
<b>SUM</b>	<b>kr 1 875 646</b>	<b>kr 1 876 142</b>	
<b>Gjeld og Egenkapital</b>			
Forskudd	kr -	kr -	
Ubetalte fordringer	kr -	kr -	
Egenkapital	kr 1 875 646	kr 1 876 142	
<b>SUM</b>	<b>kr 1 875 646</b>	<b>kr 1 876 142</b>	
Total (Skal være lik null)	kr -	-kr 0	
<b>Resultatregnskap</b>			
		Note	
<b>Inntekter</b>			
Medlemskontingent	24 040 kr		
Offentlige tilskudd	66 736 kr		
Andre inntekter	151 423 kr		
<b>SUM</b>	<b>242 199 kr</b>		
<b>Utgifter</b>			
Lønn	0 kr		
Reise	12 634 kr		
Varer og tjenester	178 521 kr		
Støtte til aktivitet	56 235 kr		
Finanskostnader	1 764 kr	3	
<b>SUM</b>	<b>249 154 kr</b>		
<b>Driftsresultat</b>	<b>-6 955 kr</b>		
Finansinntekter	7 451 kr	4	
<b>ÅRSRESULTAT</b>	<b>496 kr</b>		

<b>Note 1</b>		
<b>Bankinnskudd og kasse</b>	1-jan.-22	31-des.-22
DnB - Folkemillionen (...09519)	kr 1 120 895,88	kr 1 128 346,00
DNB - Driftskonto (...41768)	kr 313 247,96	kr 293 553,26
DNB - Bunadsnemnda (...35698)	kr 114 470,27	kr 135 254,00
Haugesund Sparebank (avsluttet)	kr 118,00	kr 119,00
Kasse - Bunadsnemnda	kr 247,00	kr 462,00
<b>SUM Bankinnskudd og kasse</b>	<b>kr 1 548 979,11</b>	<b>kr 1 557 734,26</b>

## **Note 2**

<b>Varelager og andre eiendeler</b>	1-jan.-22	31-des.-22
Varelager stoff	kr 65 951,00	kr 57 042,00
Diverse varer	kr -	kr -
Bunadssamlinga*	kr 180 000,00	kr 180 000,00
Langeleiker	kr 75 000,00	kr 75 000,00
Aksjer Dag og Tid	kr 5 716,00	kr 5 716,00
<b>SUM Varelager og andre eiendeler</b>	<b>kr 326 667,00</b>	<b>kr 317 758,00</b>

\*Bunadssamlinga har tidligere vært skjønnsmessig verdisatt, og økning eller reduksjon i verdi har ikke hatt grunnlag i tilført verdi eller avskrivning. Dette bryter med korrekte regnskapsmessige prinsipper. Det har i 2022 blitt foretatt en vurdering av verdi, og denne vil danne grunnlag for fremtidig balanse.

<b>Note 3</b>	
<b>Finanskostnader</b>	
Gebyr til DnB	kr 1 763,50
<b>SUM Finanskostnader</b>	<b>kr 1 763,50</b>
<b>Note 4</b>	
<b>Finansinntekter</b>	
Renter DnB	kr 7 450,12
Renter Hgsd Spb	kr 1,00
<b>SUM Finansinntekter</b>	<b>kr 7 451,12</b>

BUNADNEMNDA I ROGALAND UNGDOMSLAG  
**REKNESKAP FOR 2022**

**INNTEKTER**

Kursavgift	kr 59 500,00
Tilskot frå Studieforbundet m.fl.	kr 15 100,00
Tilskot frå Rogaland Ungdomslag	kr 21 235,00
Provisjon frå Nordaker	kr 4 625,00
Sal av stripestoff	kr 17 125,00
Sal av stoff og småsal	kr 17 528,00
Sal av mønster	kr 2 385,00
For mykje innbetalt	
Renter	
SUM inntekter	kr 137 498,00

**UTGIFTER**

Husleige	kr 3 000,00
Løn til kurslærare	kr 32 000,00
Seminar, reiser ol.	kr 45 131,00
Innkjøp av bunadstoff	kr 35 214,00
Kontorhald	kr 1 154,00
Innkjøp samlinga	
Avskriving varelager	kr 8 909,00
SUM utgifter	kr 125 408,00
Årsresultat	kr 12 090,00

**Eigedelar**

	<b>1/1/2022</b>	<b>12/31/2022</b>
DNB- Bunadnemnda ( 0530.11.35698)	kr 114 470	kr 135 254
Kasse- Bunadnemnda	kr 247	kr 462
Uteståande fordringar	kr -	kr -
Varelager stoff	kr 65 951	kr 57 042
Bunadsamlinga	kr 180 000	kr 180 000
<b>SUM kr.</b>	<b>kr 360 668</b>	<b>kr 372 758</b>

**Gjeld og eigenkapital**

Forskudd	kr -	kr -
Ubetalte fordringar	kr -	kr -
Eigenkapital	kr 360 668	kr 360 668
Årsresultat	kr 12 090	
<b>SUM kr.</b>	<b>kr 360 668</b>	<b>kr 372 758</b>